

Borgund, 25 mai 2026

Norges Vassdrags- og Energidirektorat
v/Magnus Elton Veflen

Dykkar saksnummer: 202209809

Innspel frå Borgund elveeigarlag til «Revisjon av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget»

Elveigarlaget organiserer i all hovudsak alt fisket i Borgundselva i dag, øvre del i Lærdal. Dette omfattar både vanleg stangfiske og sportsfiske etter brunaure. Brunauren har igjen lukkast med å etablere seg etter førre gong laksetrappa i Svartegjelet var open. All brunaure blei også utrydda i samband med prosessen for å verta kvitt Gyrodactyls salaris som angreip fisken i Lærdalsvassdraget på 1990-talet.

Antall grunneigarar i Borgund elveeigarlag er 32 per i dag. Borgund elveeigarlag (BE) må takast med i råd og inkluderes i vurderingar, dette har ikkje vore tilfelle i den siste behandlinga frå Miljødirektoratet, datert 16. september 2025.

I samband med konsesjon vart det forespegla laksefiske i Borgundselva. Dette har i 60 år ikkje vore realisert og gjennomført. Laksefiske har ikkje tilført Borgund elveeigarlag noko verdi i dei åra Borgund Kraftverk har hatt konsesjon.

Me har følgande merknadar til konsesjonsrevideringa:

- 1) I konsesjonen til ØE står det ”konsesjonæren plikter å treffe nødvendige tiltak for å søke å avhjelpe de skader og ulemper som reguleringer og overføringene fører med seg for bygdefolkets interesser”.
 - a. BE ønsker at detta punktet er med vidare i konsesjonen
 - b. Dersom Svartegjel trappa åpnes, ønsker me kompensasjon for tapt aurefiske og fisketurisme. Inntektene frå Ørretfiske i Borgundselva er i dag viktig for turisme og lokalsamfunn. Me er stolt over den gode aurebestanden og Borgundselva er ein ynda fiskeplass for tilreisande sportsfiskarar.
 - c. Klimaendringar og vassføring påverkar elva. Me vil at det blir utreda tiltak for overlevelse av fisk i elva i framtidig klima. Det har vore eit veldig einsidig fokus på laksen i nedre del av elva i dei fleste vurderingane. Eksempelvis må ein nokre stadar lage elva djupare og gjere tiltak for fjerning av vekst. Det er nokre stadar som er særst utsett for attgroing på grunn av erosjon og avrenning. Me vil sikre overlevelse for fisk og sunt miljø i elva.
 - d. Opprette og drifte eit anlegg for desinfisering av fiskeutstyr mm som skal nyttast i elv.
- 2) *Utsetting av lakseyngel i Borgundselva*
 - a. Me har aldri hatt laksefiske i Borgundselva og har heller ikkje tru på at det kjem til å skje, når ein ser på dei siste 50-60 år. Viss det fortsatt skal settes ut lakseyngel i Borgund, så ønsker me kompensasjon for dårligare oppvekstvilkår for den stadeigne auren. I tillegg har me opplevd ved tidlegare utsetting at

aurefiske blir negativt påverka av fiskeyngel ved at fiskarane opplever å kun får småfisk framfor anna fisk.

- b. 2026.01.15 Revisjonsdokument - revisjon av konsesjonsvilkår Lærdalsvassdraget (side 70) seier at “ I følgje retningslinjene for utsetting av anadrom fisk, framgår det at utsettingar ikkje skal vera kompensasjon for at forholda ikkje har blitt lagt til rette for naturleg produksjon, og at arbeid med å fjerna eller motverke negativ påverknad skal prioriterast“
- c. Elveeigarlaget meiner også at talet på utsett rogn/yngel frå laks, vil gi eit uønska press på brunaurerogn og -yngel.
- d. Dersom den miljømessige tilstanden i Borgundselva forringes av ØE sine tiltak må dette kompenseres fram til tilstanden er tilbake til normal eller bedre.

3) Fisketrappene og miljø for stadeigen aure

- a. Borgund Elveeigarlag ser at det er ein del negative konsekvensar med å gjenopne laksetreppene. Me ser ein veldig fin stigning i fiskeantall på stadeigen brunare. Utsetting og åpning av trapper vil kunne øydelegge dei miljømessige forholda i Borgundsfjorden for vår stedeigne aure. Ein må vera klar over risikoen ved å gjera dette, til dømes ved ein ny smittesituasjon. Det ein då risikerer er at ein på nytt må utrydda også brunaturen i Borgundselva. Svartagleiet er eit naturleg stengsel for til dømes smitte nedanfrå.
- b. Viss det bestemmes at laksetrappene skal være opne, må det vera krav til telleapparat og registrering av kva for type fisk som kjem opp. BE skal ha tilgang til informasjon om dette, i sanntid.
- c. Mynde må stetta eit krav til minstetal fisk som blir registrert i laksetrappa for å beslutta om laksen kan fiskast. Fram til me har ei fiskedyktig elv må tiltaka som påverkar fiske me har i dag kompenseras.
- d. Viss fiskeoppgangen er for liten eller kjem for seint for å ha fiskesesong på Borgund, må det settes krav om laksefelle og transport av laks til Borgundelva.
- e. BE krev at elva innan 2035 er beskattningsdyktig, ellers må trappene bli stengt. Alternativt må den økonomiske kompensasjonen fortsette vidare.

4) Tvisteløysing (Voldgift)

- a. Voldgift skal videreførast og ØE må dekke kostanden med voldgift.
- b. Om det oppstår uenigheit knytt til avtalen krever me voldgift jamfør gjeldande konsesjon.
- c. Det er behov for ein arena der ein kan mekla på like vilkår utan behov for store advokatutgifter for å fremme saka si. BE har ikkje dei same ressursane som ØE og ser at det er behov for å diskutere ueinigheter i eit fora der ein kan fremma sine rettar.

Helsing
Borgund Elveeigarlag SA